



26. juli - 20. aug.  
2023



[naturfestivalen.no](http://naturfestivalen.no)



Følg med på [naturfestivalen.no](http://naturfestivalen.no) om oppdateringar og eventuelt endringar i programmet. På alle våre fjellturar er det viktig å ta på seg høveleg skotøy og ha med seg nok tøy og niste. Tenk alltid gjennom eigen tryggleik og vis respekt for naturen sine krefter!

*We offer a large variety of outdoor family activities, including hikes, cultural walks and boat trips. For those who want to reach for the sky there is the possibility to climb exciting summits. Join both the locals and summer guests, and discover the nature that surrounds us!*

*For more information and registration, please contact the Tourist Office in Ørsta, tel: 913 67 470, e-mail: [info@orstainfo.no](mailto:info@orstainfo.no)*

Fotograf bilete framsida: Inga Klepp Bjørndal

## SOMMAR I AASENTUNET



Kom og få omvising i museet, gå på skattejakt i utstillinga med aktivitetsheftet vårt og ta turen til utkikkspunktet Høgetua med utebibliotek og benkar. I museumsbutikken og kafeen har vi mange unike produkt og god mat.

**Opningstider til 19. august: måndag-søndag 11-17.**

Meir informasjon og prisar finn du på [nynorsk.no](http://nynorsk.no)



Foto: André Neshheim

## Spennande aktivitetar i Ivar Aasentunet for store og små gjennom heile Naturfestivalen

### Ivar Aasentunet

I over 100 år har folk kome til Aasentunet for å oppleve språk, litteratur, arkitektur, kunst og musikk. Midt mellom Ørsta og Volda, tett på E39, men litt for seg sjølv oppi åsen, ligg Aasentunet. Den flotte bygningen er enkel å kjenne att.

Her kan du få omvising i museet, sjå filmen om Ivar Aasen og nyte god mat og drikke i kafeen. I utstillinga får du lære meir om språkhistorie, nynorsk og dialekt. Fleire gonger i året arrangerer museet konsertar og opplevingar i tunet. For dei minste har Aasentunet eige leikerom med bibliotek og aktivitetshefte med artige oppgaver.

Under Naturfestivalen kan du utforske museet og delta i rebusløypa som du finn langs stien opp til utkikkspunktet Høgetua. Dermed kan du vere med i trekkinga av fine premiar. På Høgetua finn du også Lurivar sitt utebibliotek, benkar og bord.

**Laurdag 5. august feirar vi Ivar Aasen sin bursdag med gratis kake i kafeen.**

**Ope kvar dag frå kl. 10-17 fram til 19. august (deretter kl. 12.00–16.00 tysdag til fredag).**

**Billett til utstilling kr 100,- for vaksne, gratis for born under 18 år og for studentar.**



Foto: Bakketunet



Sommarljom 2023



Foto: Marthe Amanda Vannebo

## Festivalsommar i Bakketunet:

**SØNDAG 30. JULI, 6. AUGUST, 13. AUGUST OG 20. AUGUST**

Opplev unik byggeskikk: Inst i Hjørundfjorden i kulturbygda Bjørke ligg det freda Bakketunet med sine seks ærverdige bygningar der tømmeret i dei eldste husa er daterte attende til 1549. Med dei historiske bygningane kan ein kjenne seg teken attende til mellomalderen der stova, løda, stabburet, kufjøsen, smalefjøsen og stallen hadde sine ulike funksjonar i eit fullverdig og autentisk gardstun.

**Kunst og handverk i tunet:** Håvard Vikhagen stiller ut måleri og grafikk. Kunst og strikk, strikkebutikk med Hjørundfjordstrikk.

**Bakketunet tilbyr eigen teltplass for gjester under Naturfestivalen!**  
Ope på søndagar kl. 12–17 ut august. Inngang kr 100,-

## 26. –28. JULI

### Sommarljom

#### Onsdag 26. juli:

Lyrikk-workshop for born med Lyriaka kl. 12.00 i Ivar Aasen-tunet.  
Festival-kickoff (tid og stad sjå [sommarljom.com](http://sommarljom.com)).

#### Torsdag 27. juli:

Borne- og familiekonsert med Lyriaka (tid og stad sjå [sommarljom.com](http://sommarljom.com)).  
Bugafjøra kl. 13.00–15.00: Hannejanne Duo (performancekunst) og Thea Wang (solokonsert)  
Ytre-Hovden kl. 18.00–23.00: Nothing Personal, Skarbø Skulekorps og Louilexus+Åse

#### Fredag 28. juli:

Bugafjøra kl. 13.00–15.00: Finn Adrian Jorkjen (performancekunst) og TBA (konsert)  
Ytre-Hovden kl. 18.00–23.00: Reolô, Selma French Bolstad og Bjørn Tomren

Meir informasjon om prisar, artistane og konsertane finn de på [sommarljom.com](http://sommarljom.com). Kjøp billett på [Tikkio.com](http://Tikkio.com)



Vartdal camping  
Tlf nr. 452 00 506



### Nøre-festivalen 26. august

12.00-17.00: Marknad med  
salsboder, hoppeslott, matsalg,  
leikar og aktivitetar for barn.

20.00-02.00: Fest for vaksne

## TORS DAG 27. JULI

### Topptur Trandalhatten

Trandalhatten (1188moh.) er eit fjell på Trandal med utsjånad som en hatt. Flott utsikt over Hjørundfjorden og Sunnmørsalpane. Turen går frå Trandal og stien startar på omlag 250 høgdemeter og 2,5 km frå ferjeleiet. Herifrå fyljer ein same sti til toppen, opp til Kollane på 700 moh, jamn bratt oppstigning gjennom skogbeltet. Stien svingar så rundt til venstre for fjellet som forserast på nordsida, siste stykket krev litt klyving. Etter turen går vi til Christian Gaard der det blir felles middag, retur til Sæbø enten med ferje eller at Christian Gaard skyssar oss.

**Gradering:** middels/krevjande **Tidsbruk:** 5 timer

**Pris:** 990 kr per person – inkludert er middag og dessert på Christian Gaard på Trandal. **Tal deltakarar:** minimum 3 påmeldte, maks 8 stk.

**Oppmøte:** Ferje frå Sæbø kl. 09.15.

**Påmelding** til Arve Haugland på telefon 928 24 413.

**Betaling:** Vipps: 928 24 413.

## LAUR DAG 29. JULI

### Topptur til Vartdalahornet / Masdalshornet

Turstart frå Høgebakken kl. 10.00. Dei som ikkje veit kvar vegen startar, kan møte ved Vartdal kyrkje kl. 09.30 for samkøyring. Frå Høgebakken er det nesten 6 km til toppen med stigning på vel 500 høgdemeter over Trongegga. Så går det litt nedover før ein følgjer lettgått fjellplatå til toppen rett ovanfor Vartdalsfjorden.

**Tidsbruk:** 5-6 timar tur-retur. Passar for den som er vand til å gå på fjelltur, også store barn. Ta med niste og drikke, friskt vatn vert å finne halvvegs. Etter turen vert det sal av rømebraut og spekemat på setra.

**Ikkje påmelding, gratis tur.**



Foto: Martin Hauge-Nilsen



Foto: Aasentunet



Foto: Martin Hauge-Nilsen

## **SØNDAG 30. JULI**

### **Festivalsommer i Bakketunet**

Sjå side 4.

## **MÅNDAG 31. JULI**

### **Sommarkonsert med Norges musikkorps forbund**

Kl. 12.00 ved Alti Ørsta.

## 1. AUGUST – 20. AUGUST

### Kunstutstilling i Pilartunet, Knutegarden, Vartdal

Astrid Mørland og Anne P. Aarseth stiller ut maleri, teikningar og objekt i Grindløda og i stabburet. Fargerik utstilling med menneske, dyr, insekt og planter som tema. Kunstnarane har begge ein eksistensiell tilnærming til korleis vår samtid påverkar naturen og dermed vår sjølvkjenning. Mørland broderer insekt på kjoler og vil vise teikningar og maleri med bl.a. bukkar. Aarseth stiller ut maleri med botaniske element.

### Konsert:

På opningsdagen kl. 18.00 blir det ein minikonsert med Jorun Marie Kvernberg på hardingfele og song (Fanitullen, P. Bolstad og Karen Sandvik).

### Hels på dyra på garden:

På garden har vi utgangarar og kopplam. Påfugl og høner. Kvithaugane ligg idyllisk til med utsikt over Vartdalsfjorden- roleg veg. Ta med borna på ein liten skogsvandring under Nakkane eller ta turen til Lisje Nakken eller Store Nakken. For ein lengre tur er Berghornet å anbefale.

Ope kvar dag kl. 12.00–kl. 16.00

**Kontaktinfo:** Anne Pilar Aarseth, Kvithaugane 24, Vartdal

**Mob:** 41 60 68 22

**E-post:** [annepilar.aarseth@gmail.com](mailto:annepilar.aarseth@gmail.com)

[www.astridmorland.net](http://www.astridmorland.net)





Foto: Bakketunet




Foto: Anne Pilar Aarseth



Foto: Astrid Mørland

## **TYSDAG 1. AUGUST**

### **Telt på marka framfor Tik i Ørsta sentrum:**

#### **Sirkus Benzini**

Framsyning kl. 13.00 i Ørsta på marka framfor Tik.

Det blir sirkus i teltet og etterpå får de møte artistane og kan prøve dykk på akrobatikk og balanse. Grilling og leikar på marka.

**Billett kr 120,- per person.**

#### **Program i teltet utover dagen**

Vi held fram med underhaldning og musikalske innslag utover dagen.

**Billetter til framsyningane får de kjøpt på staden. For detaljert program og prisar, sjå [naturfestivalen.no](http://naturfestivalen.no)**

## **TYS DAG 1. AUGUST**

### **Ettermiddag/kveldstur - Folkestadsetra - Kyrshovudet - Galten - Kornbergveten**

Rundtur på Folkestad i Volda kommune. Flott variert vandreterreng med lite stigning. Utsikta blir betre både innover Dalsfjorden og mot Volda og Austefjorden for kvart steg ein tek. Turen startar på Folkestadsetra opp til Kyrshovudet, langs ryggen til den spektakulære fjellhammaren Galten ved Sollidheida. Vidare til Kornbergveten og til slutt ned Løndalen, der vi har satt igjen bil med tanke på logistikken.

**Gradering:** lett **Tidsbruk:** ca 3-4 timer rundtur.

**Pris:** 250 kr per person, bindande påmelding


**Tal deltakarar:** minimum 5 stk, maks 10 stk.

**Oppmøte** på Volda ferjekai og tek ferga kl. 16.00 til Folkestad.

**Påmelding** til Naturguide Martin Hauge-Nilsen på telefon 901 22 311

**Betaling:** Vipps: 525816





Begge foto: Martin Hauge-Nilsen

## ONSDAG 2. AUGUST

### Dollsteinhola og Dollsteinen

Dollsteinhola er ei 180 meter lang marin hole i fjellet på Sandsøya. Vi går langs fjøra og kjem tett på elementa. Opninga ligg 60 meter over havnivå. Det vil bli tent lys nede i hola. Viktig med stabile sko og et sett ytterklede som toler å bli møkkete, regnklede eller ein kjeledress fungerer bra, samt arbeidshanskar og hovudlykt. Om vêr og føre er bra nok, og gruppa ønsker det, går vi også oppom fjellet Dollsteinen. Gradering: krevjande (litt klatring i tau over store steinar samt ein trong passasje, sterk klaustrofobi anbefalast ikkje).

**Tidsbruk:** Ca. 7-8 timer tur/retur. **Pris:** 500 kr per person, bindande påmelding. **Tal deltakarar:** minimum 4 påmelde, maks 6 stk.

**Oppmøte** på Larsnes ferjekai – vi tek 09.40 ferga.

**Påmelding** til Naturguide Martin Hauge-Nilsen på tlf. 901 22 311

**Betaling:** Vipps: 525816

## ONSDAG 2. AUGUST

### Historieforteljing på løda til Nilsgarden på Ytre-Standal

Bli med i fjellspora etter Gerald Arbuthnot, Edwin C. Oppenheim og Johannes Vigdal i Hjørundfjorden i 1897. Dei samla på fjelltoppar, skremde folket på Saltre og tok Trandalssetra til sitt hjarte. Men kvar var dei eigentleg i fjella våre? Likte dei flatbrødet vårt? Kva syns dei om lærar Standal? Eli Anne Tvergrov historiefortel i ein time med jamne mellomrom utover dagen til kaffe og litt å bite.

**Fyrste gong kl. 10.30 i Nilgardsløa (Hjørundfjordstranda 1048).**

### Lær om laks: Mowi på Ytre-Standal inviterer til omvisning.

Lær om fisken i ein spennande naturfagtime. Bli med på prosessen frå små yngel til smolten skal settast i sjøen.

**Påmelding og gruppevis guidning skjer i Nilsgardsløa frå kl. 09.45 (Hjørundfjordstranda 1048).**

### Besøk på Stavset internatskule

Eit par km innover fjorden frå Ytre-Standal ligg Stavset. Ta turen til den gamle internatskulen som vart bygd i 1915 då det var slutt på heimeskule. Omvisning og historieforteljing.

**Ope frå kl. 10.30 til 14.30. Kr 150,- inkludert mat.**



Foto: Eli Anne Tvergvov

## Telt på marka framfor Tik i Ørsta sentrum:

### Sirkus Benzini

Framsyning kl. 13.00 i Ørsta på marka framfor Tik.

Det blir sirkus i teltet og etterpå får de møte artistane og kan prøve dykk på akrobatikk og balanse. Grilling og leikar på marka. Billett kr 120,- per person.

### Konsert

Det blir meir underhaldning og musikalske innslag i teltet utover dagen.

Mellom anna kl. 17.00: Konsert med Morten Bollerud og Arild Andersen.

Inngang kr 100,- per person.

Billetter til framsyningane får de kjøpt på staden. For detaljert program og fleire prisar, sjå [naturfestivalen.no](http://naturfestivalen.no).

## ONSDAG 2. AUGUST

### Liadalsnipa

Liadalsnipa er ein ruvande pilar som stig rett opp frå Ørstafjorden. Frå toppen kan ein sjå utover fjordane, øyane og heilt ut i havet, samtidig som ein ser sunnmørske majestetar som Kolåstinden og Saudehornet. Denne toppen er det mogeleg å nå ved å gå på føtene helt opp, men det krev litt klyving, og helst ikkje høgdeskrekke.

**Gradering:** krevjande. **Tidsbruk:** ca 4-6 timar tur/retur.

**Pris:** 500 kr per person.

**Tal deltakarar** minimum 4 påmeldte, maks 6 stk.

**Oppmøte:** Liadal kl. 14.00

**Påmelding** til Arve Haugland på telefon 928 24 413.

**Betaling:** Vipps: 928 24 413

### Fiskesommar: Laksefiske for born og ungdom i Ørstaelva

**Tid:** Kl. 17.00–20.00 **Fiske på Ose i Ørstaelva.**

**Oppmøte:** Laksetunet på nedsida av Osbrua. Ta med eige fiskeutstyr, kan også lånast hos Ø.J.F.F. Opplæring og rettleiing. Etter fisket vert det sosialt samvær og grilling på Laksetunet. Bruk flytevestar til dei minste. Born og ungdom under 16 år, gjerne med føresette, er velkomne.

**Gratis. Ikkje påmelding.**

**Arr: Ørsta Jeger og fiskarforeining og Ørsta elveeigarlag**



Foto: Ragnhild Hjørungnes

## TORSDAG 3. AUGUST

### Telt på Nordre Vartdal (nær kyrkja)

#### Sirkus Benzini

Framsyning kl. 16.00 på marka ved sidan av Vartdal Kyrkje. Det blir sirkusstemning i teltet med framsyninga og etterpå får de møte artistane og kan prøve dykk på akrobatikk og balanse.

Billett kr 120,- per person. Billettar får de kjøpt på staden.

#### Kveldskos for heile familien

Vi held fram med aktivitetar og kveldskos. Sal av mat og drikke, mellom anna pølser de kan grille sjølv på bålpanne. Høgtlesing for dei minste. Leikar på marka.

## TORSDAG 3. AUGUST

### Maritime Vartdal

#### Besøk Sjøbuda Ramoen

På Vartdal har du no høve til å kome inn og sjå denne historiske sjøbuda full av atmosfære og maritim historie. **Frå klokka 17.00 til kl. 20.00** kan ein kjøpe seg noko å drikke og det blir enkel servering.

#### Besøk VD Museet på Vartdal

Her får du lære om fiskeri- og fangstsoga på Vartdalsstranda Myrevegen 67. **Ope frå kl. 18.00 til kl. 21.00. Gratis inngang.**

## FREDAG 4. AUGUST

### I og rundt teltet på Nordre Vartdal:

#### Mykje moro for heile familien

**Frå kl. 11 til 16** vert det hoppeslott, leikar og mykje moro på marka ved sidan av Vartdal Kyrkje. Sal av vaflar, popcorn, drikke og sal av pølser ein kan grille sjølv på bålpanne.

Frå scena i teltet kan ein få med seg musikalske opplevingar, og det blir underhaldning for store og små.

For detaljert program og prisar, sjå [naturfestivalen.no](http://naturfestivalen.no)  
Billettar til alle framsyningane får de kjøpt på staden.

*Før turen eventuelt går vidare til naturcamp på Raudøya, er det høve til å få seg middag på Vartdal (sjå neste programpost).*



## Middag på Sjøbuda Ramoen

Middagsservering på **sjøbuda** på Vartdal frå kl. 15.00 til kl. 18.00.  
Historisk autentisk miljø og god atmosfære.  
Kjøtkaker med tilbehør, kaffi og dessert.

## NATURFESTIVALEN CAMP 2023 PÅ RAUDØYA 4. – 6. AUGUST

Eskil Rønningsbakken har samarbeidd med Naturfestivalen gjennom mange år. I år arrangerer vi for sjuande gong ein unik, familievennleg naturcamp. Nytt av året er at campen blir på Raudøya. Her kan oppleve ei rekkje spennande aktivitetar i lag med Eskil og andre artistar.

### FREDAG 4. AUGUST

Sjekk inn på campen frå kl. 17.00, og ei hyggeleg kveldsstund.

### LAURDAG 5. AUGUST

- 10:00: Morgonyoga og tøying
- 12:00–16:00: Frie aktivitetar på området. Vi har utstyret!
- 13:00: Skattejakt
- 16:00–18:00: Kulturvandring med Liadal kulturlag
- 18:00: Opptreden med handståande akrobatikk og bålkos

### SØNDAG 6. AUGUST

- 11:00–16:00: Frie aktivitetar på området

## NATURFESTIVALEN CAMP 2023 PÅ RAUDØYA 4. – 6. AUGUST

Om du ikkje brukar eigen båt til Raudøya kan du bli med skyssbåt. Skyss kontinuerleg mellom Rjånes og Raudøya på følgjande tider: fredag kl.17.00–kl.19.00, laurdag kl. 09.30 til kl.12.00 og søndag kl. 10.00 til kl.12.00.

Treng du skyss til andre tider, ring til 913 67 470 seinast dagen før, så finn vi ei løysing.

Pris for båttur er kr 50,- per person tur/retur.

*Ver merksame på at aktivitetar kan bli endra noko som følgje av vêr og vind. Utforsk gjerne naturen på eiga hand utover det oppsette programmet, men med varsemd og omtanke. Bortsett frå betaling for båtskyss er campen er gratis og den er basert på at ein sjølv har med mat og utstyr for å overnatte i naturen. Born under 15 år vere i følgje med vaksne.*

### LAURDAG 5. AUGUST

#### **Bli med på feiringa av Ivar Aasen sin bursdag!**

Det blir servert gratis kake i kafeen på Aasentunet i heile opningstida frå kl. 10-17.

Billett til utstilling kr 100,- for vaksne, gratis for born under 18 år og for studentar.



Foto: Kompani Bliss



Foto: Penguin Paddle



Foto: Aasentunet

## Sommarkonsert med Norges musikkorps forbund

Kl. 12.00 i Vikegata i Ørsta.

### I og rundt teltet på Nordre Vartdal:

#### Program gjennom dagen

Hyggeleg samankomst på marka ved sidan av Vartdal Kyrkje frå kl. 15.30. Dei som har lyst til å sjå inn i kyrkja har høve til det mellom kl. 15.00 og 17.00.

Sal av rømegraut og spekemat med drikke. Kaffi og sveler.

Kl. 17.00: **Konsert med Morten Bollerud og Arild Andersen.**

Inngang kr 100,- per person. Billetter til framsyningane får de kjøpt på staden.

## LAURDAG 5. AUGUST

### Guida SUP tur på Ørstaffjorden

Penguin Paddle tilbyr guida SUP tur på Ørstaffjorden kl. 11.00–13.00.

Turen er open for alle og du treng ikkje ha padla SUP før. Det vil bli innføring i teknikk, balanse og tryggleik før vi padlar ut på fjorden. Born må være i følge med vaksen. Vi padlar over skipsvrak, ut mot naturreservat og mellom bratte tindar og nyter Ørsta frå fjorden.

Du får alt naudsynt utstyr. Ta med badetøy eller klede som kan bli våte og godt humør. **Oppmøte på Osestranda (ovanfor Ørsta camping)** kl. 11.00.

Påmelding til: [Penguin.paddle.sup@gmail.com](mailto:Penguin.paddle.sup@gmail.com)

Betaling via vipps eller med kort ved oppmøte.

Pris: 499,- for vaksen. 399,- for barn.

## SØNDAG 6. AUGUST

**Festivalsommar i Bakketunet** Sjå side 4.

## TYSDAG 8. AUGUST

### Keipen og Lisjedalshornet

Tur til Keipen (971 moh) og Lisjedalshornet (1274 moh). Start frå Heimste holen i Bondalen. Variert tur med slakke parti, nokre brattare parti og litt småklyving, men ikkje utsett. Har du høgdeskrekk kan du unngå å gå heilt ut på den sida av ryggen som er bratt. Flott utsikt over Bondalen og Hjørundfjorden.

**Gradering:** middels/krevjande **Tidsbruk:** 6 timar  
**Pris:** kr 400,- per person. **Tal deltakarar:** minimum 3 påmeldte, maks 10 stk. **Oppmøte:** Ørstahallen kl. 09.00.  
**Påmelding** til Naturguide Martin Hauge-Nilsen på telefon 901 22 311  
**Betaling:** Vipps: 525816

## **SØNDAG 13. AUGUST**

**Festivalsommar i Bakketunet** Sjå side 4.

### **Familieklatring på Kyrkjesteinen**

**Tidspunkt:** kl. 11:00–14:00 **Sunnmørsk klatreklubb** stiller med sikrarar på Kyrkjesteinen i Skorgeura. På Kyrkjesteinen er det ruter i dei fleste vanskegrader. Parkering på nedlagte Lystad Skule. Du går over fotballbana og inn på kjerreveg som du fyl omlag 50 meter, før du tek av på sti opp mot Kyrkjesteinen.

Arrangementet passar for born og vaksne frå 6 år og oppover. Sunnmørsk klatreklubb tek ein liten sum for leige av utstyr for dei som ikkje har eige utstyr. Atterhald om regn.

## **LAURDAG 19. AUGUST**

### **NaturFest med Madcon**

Stødt Bar&Scene kl. 19.30. Billettar på [tikkio.com](https://www.tikkio.com)

## **SØNDAG 20. AUGUST**

**Festivalsommar i Bakketunet** Sjå side 4.

## LAURDAG 19. AUGUST

### Saudehornet rett opp

Motbakkeløp med start i Ørsta småbåthamn. Førehandspåmelding på nett eller i småbåthamna før start! **Start mosjonsklasse frå kl. 08.00, konkurranseklasse kl. 11.00.**

**Startkontingent:** konkurranseklasse kr 400,-, ved førehandspåmelding, 500,- ved påmelding på løpsdagen. Mosjonistar kr 150,- (lisens ikkje inklusiv). Dei som deltek i konkurranseklassa må ha ryggsekk som veg minimum 2,5 kg.

Familie (mosjonistar) max. 4 personar: kr 400,- (her kjem lisenspengar kr 30,- i tillegg for deltakarar over 13 år).

**Påmelding:** <https://live.eqtiming.com/62394#dashboard> **Arr:** Naturfestivalen

### Barneløp til Skåla

Løp til Skåla for born fødde i 2012 eller seinare. Kr 100,-. Start frå kl. 08.00 fram til 09.30 i Ørsta småbåthamn. Registrering ved oppmøte. Startskot for dei som vil kl. 09.30. Ikkje tidtaking. Medaljar til alle! **Arr:** Naturfestivalen

**Premieutdeling for Saudehornet rett opp i småbåthamna kl. 16.00.**

## Alpetrippelen – Ny fjellcup i Sunnmørsalpane

Saudehornet rett opp er ein del av den nye cupen og er første løp ut.

Deretter følgjer Melshornløpet 2. september og Saksaløpet /Urke Challenge 9. september.

Premiering for Alpetrippelen skjer 9. september på Urke. Dei som fullfører alle tre løpa får eigen medalje og er med i trekninga av flotte premiar.



# Ørsta Camping

Osholane 2, 6150 Ørsta

Tlf. 70 06 64 77

# Takk til alle våre sponsorar!

Hovudsponsor



26. juli-20. aug. 2023  
naturfestivalen.no